



Uskedal musikklag spelar publikumsvenleg musikk, både slagermusikk og frå musikken til Frelsesarmeen.

**Syng med oss er eit fast innslag på Rosendalstunet 2. kvar tysdag. I dag, tysdag 9. april er det Uskedalen sin tur med song- og musikkprogram kl. 16.30 i Kantinen. Uskedal Helselag er ein viktig bidragsytar med mat og kaffi. Den faste gruppa som besøksvenar står for loddsalet.**

Uskedal Musikklag har for tida ein høveleg besetning og glir lett inn i det som er Syng med oss på Rosendalstunet. Musikklaget vil i sin avdeling mellom anna spela songar og marsjar frå Frelsesarmemusikken. I tillegg frmfører korpset populærmusikk frå kjende norske og utanlands slagere.

Rustne Menn med sine tre artistar for tida er ansvarleg for allsongen, henta frå songboka Syng med, songbok med stor skrift. Kva høver betre enn vårsongar, skrivne av Einar Skjæraasen og Halvdan Sivertsen. Gruppa sper på med Vandringsvise, Anna Lovinda og Stein Ove Berg sin velkjende tekst: Kommer nå. Kva er det som kjem, spør du. Jau, det er sjølv sagt våren.

Syng med oss på Rosendalstunet er eit populært arrangement som til vanleg samlar full kantine. For uskedelingane vil det vera gildt om det dukkar opp brukarar, pårørande, vener og kjende.

Helselaget, musikklaget og Rustne Menn ser fram til ei gild stund i ettermiddag frå kl. 16.30.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal



Rustne Menn vil stå for allsongen. Bilete er frå ei gjesting på Rehabavdelingen på Husnestunet.